

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091
0301 OSLO

Bergen, 15.07.2013

Høyringsfråsegn til søknader om løyve til å byggje 13 småkraftverk i Kvinnherad, Jondal og Ullensvang

Vi viser til brev 11. april 2013 frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om 13 småkraftverk i "Folgefonnaapakken". NVE ber her høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla. I høyringsbrevet går det fram at sistnemnde punkt gjeld omsynet til vurdering av samla belastning for området og felles handsaming av dei tretten omsøkte prosjekta. NVE er konsesjonsmyndigheit for tolv av prosjekta, medan Hordaland fylkeskommune har myndigheit til å avgjera søknaden om Auno minikraftverk.

Bergen Turlag er Vestlandets største friluftsforsamling med om lag 25.000 medlemmer. Bergen Turlag skal arbeide for eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv. Vi arbeider også for natur, kultur og miljøvern på områder med tilknytning til laget si verksemd. Bergen Turlag har både natur- og friluftsforsamling i området som no er aktuelle for eventuell utbygging. Kvinnherad Turlag er vårt lokallag i Kvinnherad kommune, og laget har aktivitetar og friluftsforsamling i områda som gjeld nokre av utbyggingane. Vi har medlemmer i alle kommunar og herad som er berørte av søknadane i "Folgefonnaapakka".

Vi er positive til at NVE legg opp til ei felles handsaming av dei 13 småkraftprosjekta. Bergen Turlag er høyringspart i saka. Vi ønskjer å vera ei konstruktiv høyringspart i energisaker, og særleg ivareta omsynet til natur- og friluftsforsamling i høyringa.

(1) Ei oppsummering av merknader til prosjekt i "Folgefonnaapakka" med særleg omsyn til friluftslivinteresser:

Kvinnherad

Børsdalselva kraftverk, Eikeelva kraftverk og Valedalen kraftverk må særleg vurderast under eitt då dei verkar inn på reduksjon av det same inngrepsfrie området. Desse prosjekta verkar også inn på eit område som har stor verdi for friluftslivinteresser.

- a) Børsdalselva kraftverk med tilhøyrande inngrep i Fagerdalsvatnet og Kvanngrodtjørn: Vi rår ikkje til at det vert gjeve løyve til utbygginga i Børsdalselva og tilknytt inngrep i Kvanngrodtjørn og Fagerdalsvatnet, då konfliktnivået er høgt med omsyn til landskap, friluftsliv, naturmangfald og reduksjon av inngrepsfrie naturområder.
- b) Valedalen kraftverk med tilhøyrande inngrep i Sitautevatnet: Inngrepet medfører boring av hol frå Sitautevatnet til Småstølvatnet. I utløp av Sitautevatnet er det planlagt å byggja



ein betongterskel. Vi kan ikkje råda til gjennomføringa av dei planlagte inngrepa knytta til Sitautevatnet. Det er estimert at 100 – 200 m³ vil verta deponert ved Småstølsvatnet – i eit område klassifisert som sårbart høgfjell av stor verdi og dessutan fører inngrepet til ein reduksjon av inngrepsfrie områder. Inngrepet er stort i høve dei 1,6 GWh produksjon som kan vinnast per år i dette O/U-prosjektet.

c) Eikeelva kraftverk: Dersom det vert gjeve løyve til prosjektet, så må det stillast vilkår til prosjektet med omsyn til auka minstevassføring i høve til det som går fram av konsesjonssøknaden. Grunngevinga for dette er at ei eventuell regulering av elva må ivareta omsyn til friluftsinnteresser, opplevings- og landskapsverdi.

d) Tverrelva kraftverk: Det omsøkte prosjektet ligg i eit område som tidlegare har vore regulert til kraftproduksjon. Likevel må ein vurdere det nye inngrepet i forhold til bruk av Mannsvatnet som reguleringsmagasin og opplevingsverknaden for landskapet her. Dessutan fører prosjektet til ein reduksjon av inngrepsfrie områder. Det bør også vurderast ei høgare minstevassføring i prosjektet. Vi kan heller ikkje sjå at friluftsinnteresser er tilstrekkeleg vurdert i høve til tilrådd metodikk.

Jondal kommune og Ullensvang herad

a) Tveddal kraftverk. Friluftsinnteresser og omsynet til landskapsverdiar er ikkje tilstrekkeleg handsama i høve Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for små vannkraftverk (2007).

b) Breisete kraftverk. Friluftsinnteresser og omsynet til landskapsverdiar er ikkje tilstrekkeleg handsama i høve Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for små vannkraftverk (2007).

c) Grimeelvi kraftverk. Prosjektet må ta omsyn til friluftsinnteresser og landskapsverdiar. Dersom NVE finn at det er grunnlag for konsesjon etter vassressurslova, så må ei minstevassføring i tråd med fagleg råd leggjast til grunn med omsyn til naturtypen bekekløft (B-verdi) og for å bevare omsynet til opplevingsverdien av elva og landskap.

d) Vassendelva kraftverk. Vi meiner at reguleringa av Vassendvatnet med 1 meter er uheldig med omsyn til opplevingsverdi, landskap og friluftsinnteresser i området. Vi kan ikkje tilrå den føreslåtte reguleringa av Vassendvatnet.

e) Øvre Alsåker kraftverk. Vi meiner det her føreligg konflikt med friluftsinnteresser og landskapsverdiar. Vi rår ikkje til at prosjektet får løyve.

I neste avsnitt (2) følgjer ei grunngeving for dei einskilde prosjekta vi har merknader til i Kvinnherad kommune, Jondal kommune og i Ullensvang herad. I siste avsnitt (3) gjev vi merknader til ei vurdering av "samlet belastning" med særleg omsyn til friluftslivinteresser i området.

(2) Grunngjeving for standpunkta knytta til dei einskilde prosjekta:

Kvinnherad

Merknader Børsdalselva kraftverk:

a) Sidevassdraget Børsdalselva renn gjennom Børsdalen, og drenerer til Uskedalselva. Korkje Børsdalselva eller Uskedalselva er regulert frå før av. Uskedalen strekkjer seg frå Kvinnheradsfjorden til Matersfjorden. Børsdalen er omkransa av to markante fjell: Ulvanosa (ei tinderekkje) og Englafjell. Ulvanosa er i "Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021" gjeve "stor verdi" som friluftsområde (s. 26). Området er mykje nytta i friluftssamanhang og det går T-merka stier både frå nordsida og sørsida av Tveitedalen og opp til Ulvanosa. Til Ulvanosa følgjer ein gjerne frå Øvre Haugland i Uskedalen og følgjer stien til topps med mellom anna den markante toppen Kapuso/Høgetinden. Det går også stier frå Utåker ved Materfjorden. Til toppen av Englafjell følgjer ein gjerne T-merka rute frå Eik til topps, og retur frå Såto via Fet (referanse URL: <http://tursti.kvinnherad.no/>). Børsdalen med Børsdalselva ligg mellom dei to fjella som er populære utfartsmål gjennom året. Uskedalen har også stor verdi for utøving av fjellklatring, sjå td. "Klatrefører for Uskedalen med Eikedalen" (2013, Bergen Klatreklubb).

I konsesjonssøknaden vert det vektlagt at det ikkje er mykje ferdsle gjennom sjølve Børsdalen, som er prega av rasurer. Imidlertid vert Børsdalen nytta av grunneigaren i jaktseasonen. Sjølv om dalføret ikkje er mykje nytta til ferdsle er det ein del av heilskapsinntrykket av landskapet, og ein del av landskapet som bind fjellpartia Ulvanosa og Englafjellet saman. Naturmangfaldlova § 10 gjev uttrykk for to viktige retningslinjer: 1) økosystemtilnærminga og 2) vurderinga av "samlet belastning". Ei vurdering av økosystemtilnærminga inneber ikkje at inngrepet vert avgrensa til dalføret åleine. Fjella er ein del av dalføret. Fagerdalsvatnet og Kvanngrodtjørn som er ein del av utbyggingsløyisinga i denne utbygginga ligg i ei sone klassifisert som "sårbart høgfjell" av "stor verdi" (sjå verdisetting av sårbare høgfjellsområde i fylkesdelplanen for småkraftverk), og dette har ikkje fått tilstrekkeleg med merksemd i konsesjonssøknaden, og ikkje minst i forhold til dei landskapsmessige verknadene av eit eventuelt inngrep. To bekkar som renn langs fjellsida av Englafjell vil falla bort som følge av utbyggingsløyisinga.

I fylkesdelplanen for småkraft vert det skrive: "Områda kring Mjelkhaug, Englafjell, Ulvanosa og Kvannto har sårbart høgfjell av stor verdi. Strekninga Rosendal –Uskedalen har fjordlandskap av stor verdi, vurdert som det ypparste og mest eineståande fjordlandskapet" (s. 67). I det tematiske kartet for friluftsliv ligg Fagerdalsvatnet i eit område klassifisert som "middels verdi", medan sjølve Børsdalselva ligg i eit området av "stor verdi". Vidare er området omtala som "I tillegg til Ulvanosa er sørleg del av Rosendalsalpane og Folgefonna svært viktige regionale friluftsområde, medan Englafjell-Mjelkhaug og strandsona ved Husnes vert rekna som viktige regionale friluftsområde. (...) Mykje nytta oppfartsområde i sør er Tveitedalen/Børsdalen, Handelandsdalen, Hellandselva, Eikedalen og Uskedalen." (s. 67).

Vi meiner at konsesjonssøknaden ikkje inneheldt ei tilstrekkeleg vurdering av temaet brukarinteresser i samsvar med retningslinjene for sakshandsaming av små vasskraftverk.

Inngrepet i Børsdalselva, Fagerdalsvatnet og Kvanngrodtjørn representerer ein stor reduksjon av inngrepsfrie naturområder sone 1 alt. 1: 1,85 km² / alt. 2: 1,7 km² og sone 2 alt. 1 og 2: 6,5 km².

I tillegg til to raudlista moseartar, vasshalemose og flommose, i influensområdet er det skildra ein fugleart som er sårbar for forstyrning og som har sitt økologiske funksjonsområde tett opp mot tiltaksområdet. Det er uklart i konsesjonssøknaden i kva grad det er gjennomført tilleggsundersøkingar av det økologiske funksjonsområdet og eventuelle hekkeplassar til den sårbare fuglearten.

Vi rår ikkje til ei utbygginga i Børsdalselva og tilknytta inngrep i Kvanngrodtjørn og Fagerdalsvatnet, då konfliktnivået er høgt med omsyn til landskap, friluftsliv, naturmangfald og reduksjon av inngrepsfrie naturområder. Dei føreslåtte avbøtande tiltaka vil etter vårt syn ikkje redusere terrenginngrepet i tilstrekkeleg grad. Verknadene av kraftverket vil bryta med dei føringar som ligg til grunn i "Retningslinjer for små vannkraftverk". Dei samla ulempene er av eit slikt omfang at dei er større enn føremonene ved tiltaket.

Merknader til Eikeelva kraftverk:

b) Prosjektet i Eikeelva ligg innanfor området i kommuneplanens arealdel som er merka av som LNF-område og delvis innanfor område som er bandlagt som "nedslagsfelt for drikkevann".

I "Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021" er Eikedalen omtala som eit populært oppfartsområde. På båe sider av Eikeelva er det turstiar som fører opp gjennom Eikedalen, her kan ein td. gå mot Mannen eller vidare til Englafjell. Det er ulike friluftsinnteresser knytta til Eikedalen, som td. klatring ved Geitavasshorga, turgåing og vinterstid er også toppurar til Englafjell mogleg her. Eikedalen ligg etter nemnde regionale plan i eit område Rosendal – Husnes, og er skildra som eit "delområde har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konsesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Uskedalselva har villaks som krev særskild merksemd og spesielle tiltak ved utbygging i vassdraget".

Søknaden inneheldt ikkje ei "samla vurdering" av utgreiingstema i konsesjonssøknaden. Det er heller ikkje føretatt noko konsekvensvurdering for temaet "Brukarinteresser".

Dersom prosjektet vert tillatt må det stillast vilkår om avbøtande tiltak i forhold til friluftslivinteresser i konsesjonen. NVE må sikra at utgreiingstema for brukarinteresser vert tilstrekkeleg vurdert for verdi, verknad og konsekvens. Det må stillast vilkår om auka minstevassføring sumarstid.


Merknader til Valedalen kraftverk med tilhørende inngrep mellom Sitautevatnet og Småstølvatnet:

c) Inngrepet ved tunnelboring fra Sitautevatnet til Småstølvatnet vil medføre ein reduksjon av inngrepsfrie naturområder med 3,1 km² for sone 2 og 2,9 km² for sone 1. Vatna ligg i eit området som etter "Fylkesdelplanen for småkraftverk" har fått status som "sårbart høgfjellsområde". Inngrepet er stort i høve dei 1,6 GWh produksjon som kan vinnast per år i dette O/U-prosjektet.

Vi vil ikkje råda til inngrepet mellom Sitautevatnet og Småstølvatnet. Inngrepet medfører ein reduksjon av inngrepsfrie naturområder. Inngrepet er i konflikt med målsetjinga etter fylkesdelplanen for småkraftverk.

Vurdering knytta til at Børsdalen kraftverk, Valedalen kraftverk og Eikedalen kraftverk verkar inn på det same inngrepsfrie naturområdet:

Inngrepet ved Sitautevatnet til Småstølvatnet medfører ein reduksjon i same INON-soneområde som den planlagte utbygginga i Børsdalselva med tilhørende inngrep i Kvanngrodtjørn og Fagerdalsvatnet. I vurderinga av INON-reduksjon her må ein sjå desse to prosjekta under eitt. Dette må også vektleggjast i den samla vurderinga av prosjekta i "Følgefonnapakken". INON-sone 1 i dette området er samla på 7 km² før inngrepet.



Figur 1 Illustrasjon av samla verknaden av Børsdalen kraftverk og Valedalen kraftverk på INON-sone 1.

Sjølv om noko av INON-sone 1 vert tilbakeført til INON-sone 2, så er reduksjon av INON-sone 1 som følgje av planlagte inngrepa i tilknytning til Børsdalselva og Valedalen kraftverk på om lag 0,12 km² (jf. figur 1). Dette utgjer ein reduksjon på om lag 98%. Tek vi omsyn til oppdaterte data etter 2008 vil gjenverande INON-sone 1 på om lag 0,12 km² verta ytterlegare redusert som følgje av eksisterande traktorvegen til Svidhaug.

I konsesjonssøknaden for Børsdalen vert det sagt at det er ein skarp fjord til fjell-gradient, og difor bør ein leggja mindre vekt på inngrepsfrie områder. Det er korrekt at INON ikkje tek omsyn til topografiske forhold, men av større vekt her er at ein har eit samanhangande INON-område frå Matrefjorden, og som strekkjer seg eit godt stykke mot Kvinnheradsfjorden. Det må i tillegg vektleggjast at i "Fylkesdelplanen for små vannkraftverk" sin gjennomgang av inngrepsfrie områder, så er dette området klassifisert som eit inngrepsfritt område av "stor verdi". INON-området inneheldt karakteristiske fjellparti som er mykje nytta i friluftssamanhang både sumars og vinters tid. Dessutan er det lite igjen i fjordnære områder av inngrepsfrie områder i sone 1 og sone 2 i Kvinnherad kommune og innanfor det geografiske området Folgefonnhalvøya.

Jondal kommune og Ullensvang herad

Dei to prosjekta Tveddal og Breisete kraftverk må vurderast i samanhang då båe dei planlagte inngrepa er i Stølsdalselva. Det må i vurderinga av kor mykje denne vassstrengen toler av belastning takast omsyn til at Stølsdalselva kraftverk allereie er bygd i nedre delen av laupet.

Merknader til Tveddal kraftverk:

a) Konsesjonssøknaden drøftar ikkje konsekvensar for friluftsliv tilstrekkeleg. Det er heller ikkje gjennomført ei tilstrekkeleg verdisetting av inngrepsfrie områder i konsesjonssøknaden.

Merknader til Breisete kraftverk:

b) I søknaden vert det skrive at tiltaket "vil kun helt marginalt gå utover tidligere berørt område i forbindelse med linjebygging i området" (konsesjonssøknaden, s. 17). Vi kan ikkje sjå at det er gjort noko konkret verdi- eller konsekvensvurdering av inngrepsfrie naturområder i konsesjonssøknaden. Områda kring Breidsete er eit attraktivt friluftsområde. I prosjektet turstier i Jondal er det skildra fleire turar med utgangspunkt i Breidsete (referanse URL: <http://www.visitjondal.no/vandring/turliste.htm>). Vi kan heller ikkje sjå at friluftssinteresser er ivaretatt eller dokumentert på ein god måte i søknaden.

Vi meiner at tre vasskraftprosjekt i den same vassstrengen vil verta omfattande og medføra redusert vassføring på store deler av strekket til Stølsdalselva. Vi meiner med omsyn til landskapsverdi, opplevingsverdi og friluftssinteresser ikkje kan gje løyve til desse to prosjekta.

Det er tre prosjekt i Herand som må vurderast i samanhang: Sæverhagen kraftverk, Grimeelvi kraftverk og Herand kraftverk. Sistnemnde er ikkje inkludert i "Folgefonnapakka", men har framleis relevans for vurderinga av "samla belastning".

Merknader til Grimeelvi kraftverk:

c) Grimeelvi kraftverk: Dersom NVE finn at det er grunnlag for konsesjon, så må ei minstevassføring i tråd med fagleg råd leggjast til grunn med omsyn til naturtypen bekkekløft (B-verdi), opplevingsverdi av elva og med omsyn til landskapsverdi. Det må

også vektleggjast at tiltaket ligg i eit område som er klassifisert som fjordlandskap av "stor verdi" i "Fylkesdelplanen for små vasskraftverk".

Merknader til Vassendelva kraftverk:

d) Vi meiner at ei regulering på 1 meter vil vera uheldig for landskapsinntrykket og opplevingsverdien av Vassendvatnet. Vassendvatnet er eit grunt vatn og ei nedtapping vil føra til tørrlagte breidder langt utover i vatnet. Vi meiner at reguleringsløysinga som er valgt her er uheldig for opplevingsverdien av området. Området kring Vassendvatnet er eit attraktivt friluftsområde. Det er fleire merka turstier i området (referanse URL: <http://www.visitjondal.no/vandring/turliste.htm>).

Vi rår ikkje til den foreslåtte reguleringa av Vassendvatnet med omsyn til landskap, opplevingsverdi og friluftsinnteresser.

Merknader til Øvre Alsåker kraftverk:

e) Det planlagte kraftverket ligg i eit område som ut frå "Fylkesdelplanen for småkraft" er klassifisert som fjordlandskap av "stor verdi". Vassdragsinngrepet fører til tap av inngrepsfrie områder på 3,4 km². Det er friluftslivinteresser knytta til området, og området har status som regionalt friluftsområde verdi C etter "Fylkesdelplanen for små vasskraftverk" si klassifisering. Alsåkerelva vart foreslått verna i samband med "Supplering av verneplan for vassdrag". Grunngevinga for forslaget om vern ved supplering: "Former knyttet til fluviale prosesser og skredprosesser er intakte. 80 % av feltet har fjellheier. Nedre del er dominert av furu, mens bjørk vokser lenger opp. Rikere innslag av lauvskog langs vassdraget og sidebekker har særleg interesse. Viktige natur-typar er bekkekløfter, fossesprøytsone og naturleg fisketomme vann. Flere fuglearter antas å hekke. En villreinstamme holder til i området. Hele 93 % ligger mer enn 1 km frå inngrep. Det går skogsvei i de nederste 2 km, men berører ikke elvestrengen. Kraftledning krysser feltet ved utløpet til fjorden. Ut over dette er nedbørfeltet urørt" (St. prp. nr. 75 (2003 – 2004), ss. 50-51). Regjeringa gjekk ikkje inn for styringsgruppa sitt framlegg om vern, men skildringa av vassdraget syner at det er viktige natur- og landskapsverdiar knytta til området. I 2006 vart det gjeve konsesjon til eit minikraftverk med regulering av elva mellom kote 6 moh. og kote 220 moh. Eit inngrep høgare oppe i laupet av elva vil koma nærare inn på sårbart høg fjell av "stor verdi", og vil også føra til reduksjon i inngrepsfrie områder. Tiltaket vil føra til redusert vassføring på eit 1700 meter lang del av elvestrekket

Vi rår ikkje til at prosjektet får løyve med omsyn til friluftsinnteresser og landskapsverdi.

(3) Samla vurdering med særleg omsyn til friluftsinnteresser på Folgefonnhalvøya

Prinsippet om økosystemtilnærminga og vurdering av samla belastning går fram av naturmangfaldlova § 10. Ei heilskapleg tilnærming til forvaltning av vassressursar følgjer også av vassforskrifta. Eit anna omsyn ved vurdering av sumverknader er å hindra ei bit-for-bit utbygging utan ein overordna plan. Sjølv om det førebels ikkje føreligg noko tilrådd, offisiell metodikk for vurdering av sumverknader, så føreligg det rettslege krav til vurdering

av sumverknader og forvaltingspraksis, td. sakshandsaminga for tilsvarande småkraftpakker i Hordaland for områda Voss, Valldalen og Sørfjorden.

Omsynet til "samla belasting" tilseier at ein også vurderer både eksisterande inngrep som er fullførte, vedtatte, planlagte og omsøkte inngrep i forhold til økosystem og naturmangfald. Av førearbeida til naturmangfaldlova går det også fram at påverknad av estetisk karakter også er relevant som del av vurderinga etter naturmangfaldlova § 10.

Av tyding for vurderinga av samla belasting vil vi påpeike:

1. Herand kraftverk er ikkje nemnt som del av "Folgefonnapakken", men vi føreset at verknaden av prosjektet vert vurdert som del av den "samla belastinga".
2. Mattiselva kraftverk i Kvinnherad kommune er eit minikraftverk i Omvikedalen (Åmvikdalen). Vi kunne ikkje finna opplysingar om dette kraftverket korkje på saksopplysingskartet som fulgte med "Folgefonnapakken" (<http://skjema.nve.no/NVE-saksdokument/201107080-20-1286904.pdf>) eller i NVE-atlas (<http://atlas.nve.no/ge/Viewer.aspx?Site=NVEAtlas>). Vi føreset at kraftverket er med i vurderinga av "samlet belasting".
3. I Kvinnherad kommune er det varsla O/U prosjekt i tilknytning til Svartavatnet og Middagsvatnet. Vi føreset at desse prosjekta også er ein del av vurderinga av "samlet belasting".
4. Vi føreset at annan infrastruktur som er del av energiplanlegginga, td. kraftframføring, vert inkludert i vurderinga av "samlet belasting".

Vi ønskjer også å gje vår støtte til innspelet frå Forum for natur og friluftsliv i Hordaland til NVE datert 04.06.2013. I brevet tek FNF Hordaland opp behovet for ei tilleggsutgreiing av samla verknad for natur og friluftsliv i "Folgefonnapakken". Vi meiner at ei slik tilleggsutgreiing er viktig for ei heilskapleg og tilstrekkeleg vurdering av friluftsinteresser, naturverdiar og landskap på Folgefonnhalvøya.

Med vennleg helsing

Jane Britt Daae
Fungerande dagleg leiar
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg